

- Som bønder i Giske er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa. Det er meningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Giske.

- Veit du dette om landbruket i Giske:

Giske er ein **betydeleg jordbrukskommune i fylket** i antal gardbruk. **I 2019** var det **27 gardsbruk i drift** i Giske (75 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 329 dekar** (141 dekar i år 2000).

Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.

Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Giske har **16 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 12 mjølkebruk. Det er 12 sauebruk, 1 bruk med gris og 3 bruk med ammekyr i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, turisme, jakt og fiske, vidareforedling og sal av gardsmat.

I Giske er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket.

Giske kommune har landbruksforvaltning.

Det er dei siste åra bygd nye fjøs.

Samla er **husdyrhaldet i Giske ein stor buskap**: 300 mjølkekyr, 850 ammekyr/andre storfe, 325 griser, 1050 sau og lam.

Det vert dyrka vel **8.900 dekar jordbruksareal** (10.500 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite.

Vidare er det en god del **utmark og skogareal**.

Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Giske hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 29 millionar kroner** i året.

Av dette hadde mjølkebruka inkl. kjøtproduksjon 78 prosent av omsetnaden.

Det allsidige landbruket i Giske skaper i tillegg verdiar frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar, brøyting av vegar, og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **2,4 millionar liter kumjølkk frå 12 mjølkebruk** (36 mjølkebruk og 2,3 mill. liter mjølkk i år 2000). Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølkk, ost og andre meieriprodukt til vel 8.000 personar. Gjennomsnittleg har mjølkebruka 25 kyr og leverer årleg 200.000 liter mjølkk (13 kyr og 64.000 liter i år 2000)

I 2019 vart det produsert vel **307.000 kg kjøtt** i Giske, av dette vel 119.000 kilo storfekjøtt, 13.000 kilo sauekjøtt og 175.000 kilo svinkjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til heile 4.400 personar, eller mange av befolkninga i kommunen.

Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon

Bøndene i Giske er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

Landbruksnæringa si hovudoppgåve er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

Norge har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitik. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnader er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

Bonden og landbruksnæringa i Giske gir Mat, Miljø og levande Bygder



- Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020



NORGES BONDELAG



Landbruket i Giske

- * 27 bruk i drift, av desse 16 med storfekjøtt
- * 12 mjølkebruk og 12 sauebruk
- * Kultur- og kystlandskap av verdsformat
- * Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen

